



Eskil Moen (25) er samrøystes vald til ny gruppeleiar for Framstegspartiet i kommunestyret. Han avløyser Ole Torbjørn Holmedal som har fått ny jobb i Oslo og finn det problematisk å pendla til politiske møte i heimkommunen. Moen er frå Ljosnes i Uskedalen og vart vald inn i kommunestyret som nummer 3 på lista.

På Stortingsvallista i haust var han nummer 7. Moen gjev uttrykk for at han gler seg til vervet som gjer at han får ein meir leiande posisjon mellom dei folkevalde og administrasjonen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen